FØRDE IDRETTSLAG
LANGRENN

# ÅRSMELDING

## 2021-2022

## Førde IL

## Langrennsgruppa



Langeland Skisenter – bilete frå stadion.



Classification: Open

# Innhald

Organisasjon ........ 3
Informasjon ........ 4
Trening ........ 4
Sportslege tiltak ........ 6
Arrangement ........ 6
Årets arrangør – Equinor Norgescup senior ........ 9
Medlemmar ........ 10
Resultat ........ 10
Representasjon ........ 13
Bekledning ........ 13
Kjøkken-/ kioskgruppa ........ 14
Økonomi ........ 15
Oppsummering ........ 16



Classification: Open

## Organisasjon

**Styret frå 03.03.2021 – 02.03.2022**

| | |
|---|---|
| Yngve Thorsen | Leiar |
| Ørjan Igelkjøn | Nestleiar og repr. sportsleg utval |
| Monica Otternes | Arrangement/ dugnad |
| Anders Bjørkhaug | Miljøansvarleg |
| Kristine Steindal | Premie- og seremoni |
| Mariann A. Husa | Premie- og seremoni |
| Lars Grøteide | Informasjon |

**Revisor**
Jan Kåre Raae

**Valnemnd**
Bjørn Kristian Sunde
Gry Aase Alnes

**Sportsleg utval**
Ørjan Igelkjøn
Roger Øye Pollen
Lars Petter Degnepoll

**Kjøkken-/ kioskgruppe**
Gry Aase Alnes
Ann Karin Nes
Margunn Tonheim
Reidun Otternes
Ingunn Rørvik



Bilete frå sprintstafett på Langeland vinteren 2022.

**Andre funksjonar**

| | |
|---|---|
| Asgeir Tveit | Økonomi- og systemansvarleg |
| Bjørn Kristian Sunde | Ressurs marknadsarbeid |
| Anders Bjørkhaug | Laglege 1 |
| Mariann A. Husa | Laglege 2 |

**Styret 2021-2022**

Styret har i perioden avvikla 10 styremøter, i tillegg har styret initiert trenarmøter vår og haust. Styret har også vore representert på Sogn og Fjordane Skikrins sine vår- og haustmøter.

Styret arbeider etter prinsippet om at kvart einskild styremedlem er knytt til ein eller fleire funksjonar eller ansvarsområde – oppgåvebasert arbeidsfordeling. Bakgrunnen for dette er målet om å drifte gruppa effektivt, samtidig som ein gjer arbeidet i styret interessant og oversiktleg.

Til tross for ei god arbeidsdeling har knytt til seg ekstra ressursar og kjøp av tenester knytt til handsaming av økonomi og ulike administrasjonssystem:

- *KlubbAdmin, Sportsadmin, Samordna rapportering, Ajourhald av medlemsregister, Fakturering og Rekneskapsføring.*



Classification: Open

## Informasjon

Nettsidene og facebooksida til langrennsgruppa er vår viktigaste informasjonskanal til medlemmane.

Det er verdt å merke seg at facebooksidene er svært mykje brukt, og ein ser tydeleg at denne kanalen ivaretek informasjonsbehovet i langrennsgruppa på ein god måte. Til dømes vert denne kanalen brukt i utstrakt grad i høve til løpande aktivitetar i samband med trening og arrangement.




Bilete frå karusellrenn på Langeland vinteren 2021.

## Trening

**Ansvarlege trenarar 2021-2022**

- 1.-4. kl. Asgeir Årdal, Eirin Hegrenes og Øystein Nordahl Moe.
- 5.-6. kl.: Lars Petter Degnepoll og Kristin Syltesæter
- 7-8 kl: Anders Bjørkhaug, Frode Lundekvam og Yngve Thorsen.
- 9. kl. og el: Daniel Tormodset og Ole Martin Erdal.

**Organisering av trening**

- Gruppe 13 år og eldre:
  - Fellestreningar heile året. To fellestreningar pr. veke.
  - Vår/ sommar / haust: Rulleski, fjellturar, sirkeltrening, roleg langtur beina etc.



Classification: Open

- Vinter: Skitrening etter timeplan - Langeland.
- Utøvarar på impuls-/ krinslag har i tillegg fått tilbod om felles styrketrening på Spenst ein gang i veka frå september t.o.m. desember.

- Gruppe 11-12 år:
  - Fellestrening frå oktober.

- Gruppe 9 – 10 år:
  - Fellestrening frå oktober.

- Gruppe 7 – 8 år:
  - Fellestrening frå oktober.

**Rekruttering**
Dei seinare åra har ein registrert nedgang i tal utøvarar på trening. Difor er det svært gledeleg at ein hausten 2021 har registrert auka rekruttering i 1.-4. klasse. Samla er det ca. 90 born og unge som vekentleg deltek på langrennsgruppa sine fellestreningar. Noko av bakgrunnen for den auka rekrutteringa i dei yngre årsklassane er knytt til godt informasjonsarbeid i grunnskulane.




Informasjonsskriv som vart delt ut i samtlege 1.-4. klassar i Førde (hausten 2021).

**Trenarmøter**
Det har vore avvikla trenarmøte gjennom sesongane, høvesvis i mai og september/oktober. Ørjan Igelkjøn (styret/ sportsleg utval) har vore ansvarleg for gjennomføring av desse møta.

Hovudtema for desse møta er evaluering av førre sesong og planlegging av ny sesong.

Trenarmøta er også ein arena der ein arbeider med å få på plass trenarar i dei ulike treningsgruppene, i framkant av ny sesong.



Classification: Open

## Sportslege tiltak

- Meisterens Meister/ Premiefest - Langeland, 05. juni 2021
- Miljø- og familiehelg - Sognefjellet, 24.-27. juni 2021
- Enivest Skiskule – Langeland/ Førde, 08.-10. oktober 2021
- Miljø- og familiehelg - Beitostølen, 26.-28. november 2021



Bilete frå krinssamling i langrenn på Beitostølen i november 2021.
F.v. Aksel Bjørkhaug, Stian Vårdal Helle, Martin Espe og Thomas Tefre (alle Førde IL).
Foto: Privat.

## Arrangement

**Vinteren 2020/ 2021**
Vinteren 2021 starta noko trått med lite snø, og mykje mildvær før nyttår. Dette medførte m.a. at Ribberennet som opphaveleg skulle vore avvikla i romjula 2020 vart avlyst.

I januar 2021 kom det ein betydeleg periode med svært kaldt vær, og Langeland skisenter produserte kunstsnø i nærare 2,75km av traseane på Langeland.

I tillegg til rikeleg med kunstsnø kom det også bra med natursnø i januar. Frå medio februar var vêrtypen prega av mildvær. Noko som m.a. medførte at Kalsetrennet vart avlyst som følgje av snømangel. Opphaveleg skulle det tradisjonsrike turrennet avviklast siste helga i februar.

Riktig nok redda kunstsnøen trenings- og konkurransetilhøva på Langeland frå siste halvdel av februar og ut mars. Ein kan elles legge til at natursnøen kom tilbake i april.



Classification: Open

Vinteren 2021 vart følgjande arrangement avvikla v/ Langeland Skisenter:

- ***SSFkarusellrenn (klubbrenn), 12.01.2021***
- ***SSF Cup (krinsrenn), 16.01.2021***
- ***SSFkarusellrenn (klubbrenn), 19.01.2021***
- ***Klubbrenn Sprint, 30.01.2021***
- ***SSFkarusellrenn, 02.02.2021 (klubbrenn)***
- ***Equinor Norgescup senior (sprint friteknikk), 12.02.2021***
- ***Equnior Norgescup senior (10km/ 15km friteknikk, intervallstart), 13.02.2021***
- ***Equnior Norgescup senior (10km/ 15km klassisk, intervallstart), 14.02.2021***
- ***SSFkarusellrenn, 16.02.2021 (klubbrenn)***
- ***SSFkarusell Langrennscross, 20.02.2021 (sonerenn)***
- ***SSF KM klassisk, 28.02.2021***
- ***SSFkarusellrenn, 09.03.2022 (klubbrenn)***
- ***SSFkarusellrenn, 16.03.2022 (klubbrenn)***

Vinteren 2021 var det frå slutten av januar og store delar av februar ikkje høve til å avvikle krinsarrangement med bakgrunn i situasjonen med Covid-19 (jf. nasjonale retningslinjer).

**Vinteren 2021/ 2022**
Vinteren 2021 var i november, desember og januar prega av svært utstabile trenings- og konkurranseforhold på Langeland. I store delar av desember og januar har det vore lite snø, og marginale snøtilhøve. Langeland Skisenter har heller ikkje produsert kunstsnø, ettersom vêrtypen har vore prega av mildvêr. I første halvdel av februar har det komt monaleg med snø, og i skrivande stund ser det ut for at vinteren har stabilisert seg i Sunnfjord.



David Engesæter gjorde det skarpt under Ungdommens Holmenkollrenn 2022.
Foto: Liv Jorunn Kleiven



Classification: Open

Til tross for ein krevjande vinter per medio februar har ein avvikla følgjande arrangement v/ Langeland Skisenter:

- ***SSFkarusellrenn, 20.01.2022 (klubbrenn)***
- ***SSFsprintstafett, 22.01.2022 (krinsrenn)***
- ***SSFkarusellrenn, 01.02.2022 (klubbrenn)***
- ***SSFkarusellrenn, 08.02.2022 (klubbrenn)***
- ***SSFkarusellrenn, 16.02.2022 (klubbrenn)***
- ***SSFskicross, 19.02.2022 (sonerenn)***
- ***SSF KM klassisk, 20.02.2022 (krinsrenn)***

Det er elles verdt å merke seg at det tradisjonsrike Ribberennet som opphaveleg skulle avviklast i romjula 2021 vart avlyst grunna manglande snøtilhøve v/ Langeland Skisenter.

Vidare er samtlege skirenn i 2021 og 2022 avvikla i tråd med Regjeringa, FHI og Norges Skiforbund sine retningslinjer i høve til smittevern.

Langrennsgruppa i Førde IL samarbeider med Gaular IL om gjennomføring av skirenn på Langeland. Samarbeidet mellom klubbane er positivt for dei aktive i klubbane, og felles arrangement er hensiktsmessig all den tid ein nyttar Langeland Skisenter i fellesskap.

**Spenst RullskiCup**
Hausten 2021 avvikla langrennsgruppa tre rulleskiarrangement på Langeland:

1) Spenst RulleskiCup, 28. oktober 2021
2) Enivest Rulleskirenn, 10. oktober 2021
3) Spenst RulleskiCup, 19. oktober 2021



Niklas Bosdal Thorsen i fint driv under Spenst RulleskiCup på Langeland, 28. september 2021.
Foto: Anders Bjørkhaug.

**Premiefesten**
Den årvisse premiefesten vart som følgje av situasjonen med Covid-19 avvikla utandørs v/ Langeland Skisenter, laurdag 05. juni 2021.

Samstundes med premiefesten avvikla langrennsgruppa Meisterens Meister, med eit allsidig konkurranseprogram.



Classification: Open

# Årets arrangør – Equinor Norgescup senior

12.-14 februar 2021 avvikla Førde IL Langrenn, i samarbeid med Gaular IL, Equinor Norgescup for senior på Langeland.

I samband med Norges Skiforbund sitt arrangør- og anleggseminar 22.-23. oktober 2021 vart Førde IL og Gaular IL kåra til; Årets *Arrangør Langrenn*.

I begrunnelsen til Norges Skiforbund heiter det m.a.:

*De visste ingenting om den kommende pandemien da de takket ja til å arrangere Equinor Norgescup i 2020. De stod på, de samlet inn sponsortøtte, de tilpasset løypenettet, de engasjerte mange frivillige, men manglet snø. Dermed ble 2020-arrangementet avlyst og flyttet. De fikk arrangementet i 2021, engasjerte frivillige og fikk til en engasjert hovedkomité med fokus på oppgaven. Sportslig ble det et suverent gjennomført arrangement, og faktisk ble det også et pent økonomisk overskudd.*




Leiar i hovudkomiteen, Yngve Thorsen, mottok prisen *Årets Arrangør Langrenn 2021* på vegne av Førde IL og Gaular.

F.v. Erik Røste (President Norges Skiforbund), Yngve Thorsen (leiar hovudkomiteen) og Asgeir Moberg (arrangementansvarleg Norges Skiforbund).

Foto: Norges Skiforbund.

For langrennsgruppa er prisen ei anerkjenning i høve arbeidet som vart lagd ned i samband med arrangement, men først og fremst er det ein pris til alle som er med og hjelper til, og som kvar dag bidreg til langrennsmiljøet i Førde IL.

Prisen plasserar Førde IL og Gaular IL som ein nasjonal aktør m.o.t. nasjonale arrangement innan langrenn, og opnar nye dører og moglegheiter i framtida.

Equinor Norgescup senior 2021 er omtala i langrennsgruppa si årsmeldinga for 2020-2021.




Equinor Norgescup senior, Langeland, 12.-14. februar 2021.:
Førde IL sin Gjøran Tefre går først over målstreken i semifinalen på sprinten.
Foto: Idar Stadheim, Firda.



Classification: Open

## Medlemmar

Totalt er det registrert 312 medlemmar via *Samordna rapportering* (NIF). Det har tidlegare vore ei positiv utvikling i medlemsmassen over ei årrekkje, men dei siste åra har ein opplevd tilbakegang i medlemsmassen, noko som også er ein trend på landsbasis.

## Resultat

Som følgje av situasjonen med Covid-19 vart det i 2021 ikkje avvikla Junior NM i langrenn, i tillegg vart Norgescupen for junior, Junior NM, Hovudlandsrennet og Ungdomens Holmenkollrenn i 2021 også avlyst.

I oversikten under finn ein resultat frå internasjonale- og nasjonale konkurransar med deltaking av utøvarar frå Førde IL frå 01. mars 2021 t.o.m. medio februar 2022.

Resultat for sesongen 2020-2021 t.o.m utgangen av februar 2021 finn ein i førre årsmelding.

| **Arrangement** | **Dato** | **Utøvar** | **Klasse** | **Øving** | **Resultat** |
|---|---|---|---|---|---|
| NC Gålå | 05.03.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | Sprint C | Nr. 2 |
| NC Gålå | 07.03.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | 30km F | Nr. 17 |
| NC Beitostølen | 21.11.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | 15km F | Nr. 70 |
| NC Gålå | 26.11.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | 15km F | Nr. 6 |
| NC Gålå | 27.11.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | Sprint F | Nr. 6 |
| NC Gålå | 28.11.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | 15km C | DNS |
| SC Beitostølen | 11.12.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | Sprint C | Nr. 4 |
| SC Beitostølen | 12.12.2021 | Gjøran Tefre | M sr. | 15km F | Nr. 7 |
| SC Falun | 07.01.2022 | Gjøran Tefre | M sr. | Sprint F | Nr. 27 |
| SC Falun | 08.01.2022 | Gjøran Tefre | M sr. | 15km C | Nr. 43 |
| SC Falun | 09.01.2022 | Gjøran Tefre | M sr. | 15km F | Nr. 8 |
| NC Vind | 28.01.2022 | Gjøran Tefre | M sr. | 15km C | DSQ |

| **Arrangement** | **Dato** | **Utøvar** | **Klasse** | **Øving** | **Resultat** |
|---|---|---|---|---|---|
| Oslo Skifestival | 16.01.2022 | Aksel Bjørkhaug | M17 år | 10km F | Nr. 13 |
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Aksel Bjørkhaug | M17 år | Sprint F | Nr. 68 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Aksel Bjøkhaug | M17 år | 10km F | Nr. 29 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Aksel Bjørkhaug | M17 år | 15km C | Nr. 17 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Aksel Bjørkhaug | M17 år | 10km F | Nr. 27 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Aksel Bjørkhaug | M17 år | 10km C | Nr. 26 |

| **Arrangement** | **Dato** | **Utøvar** | **Klasse** | **Øving** | **Resultat** |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Guri Line Brekke | K17 år | 7,5km F | Nr. 86 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Guri Line Brekke | K17 år | 5km C | Nr. 78 |

| **Arrangement** | **Dato** | **Utøvar** | **Klasse** | **Øving** | **Resultat** |
|---|---|---|---|---|---|
| Oslo Skifestival | 16.01.2022 | Magnus Degnepoll | M17 pr | 10km F | Nr. 10 |
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Magnus Degnepoll | M17 år | Sprint F | Nr. 56 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Magnus Degnepoll | M17 år | 10km F | Nr. 38 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Magnus Degnepoll | M17 år | 15km C | Nr. 45 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Magnus Degnepoll | M17 år | 10km F | DNS |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Magnus Degnepoll | M17 år | 10km C | DNS |



Classification: Open

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Mali M. Engesæter | K18 år | 5km F | Nr. 77 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Mali M. Engesæter | K18 år | 10km C | Nr. 51 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Mali M. Engesæter | K18 år | 10km F | Nr. 68 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Mali M. Engesæter | K18 år | 5km C | NR. 77 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Martin Espe | M18 år | Sprint F | Nr. 125 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Martin Espe | M18 år | 10km F | Nr. 120 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Martin Espe | M18 år | 15km C | Nr. 95 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Martin Espe | M18 år | 15km F | Nr. 120 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Martin Espe | M18 år | 10km C | Nr. 117 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Stian Vårdal Helle | M17 år | Sprint F | Nr. 87 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Stian Vårdal Helle | M17 år | 10km F | Nr. 97 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Stian Vårdal Helle | M17 år | 15km C | Nr. 65 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Stian Vårdal Helle | M17 år | 10km F | Nr. 67 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Stian Vårdal Helle | M17 år | 10km C | Nr. 47 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Sondre A. Hofstad | M17 år | Sprint F | Nr. 105 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Sondre A. Hofstad | M17 år | 10km F | Nr. 109 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Sondre A. Hofstad | M17 år | 15km C | DNS |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Sondre A. Hofstad | M17 år | 10km F | DNS |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Sondre A. Hofstad | M17 år | 10km C | DNS |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Elias A. Husa | M18 år | 15km F | Nr. 63 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Elias A. Husa | M18 år | 10km C | Nr. 49 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Erik Litsheim | M18 år | Sprint F | Nr. 104 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Erik Litsheim | M18 år | 10km F | DNS |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Erik Litsheim | M18 år | 15km C | DNS |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Linnea Lundekvam | K18 pr | Sprint F | Nr. 48 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Linnea Lundekvam | K18 år | 5km F | Nr. 68 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Linnea Lundekvam | K18 år | 10km C | Nr. 43 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Linnea Lundekvam | K18 år | 10km F | Nr. 52 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Linnea Lundekvam | K18 år | 5km C | Nr. 52 |



Classification: Open

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Ivar Nistad | M19/20 år | Sprint F | Nr. 55 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Ivar Nistad | M19/20 år | 10km F | Nr. 118 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Ivar Nistad | M19/20 år | 15km C | Nr. 76 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Ivar Nistad | M19/20 år | 20km F | Nr. 65 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Ivar Nistad | M19/20 år | 10km C | Nr. 99 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Sigve H. Ottesen | M17 år | 10km F | Nr. 124 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Sigve H. Ottesen | M17 år | 10km C | Nr. 110 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Steffen Igelkjøn | M19/20 år | 10km C | 178 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Jenny Sølvberg | K17 år | 5km C | Nr. 95 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| FIS Gålå | 27.11.2021 | Thomas Tefre | M jr. | Sprint F | Nr. 107 |
| FIS Gålå | 28.11.2021 | Thomas Tefre | M 18 år | 10km C | Nr. 28 |
| NM jr. Åsen | 28.01.2022 | Thomas Tefre | M18 år | Sprint F | Nr. 65 |
| NC jr. Åsen | 29.01.2022 | Thomas Tefre | M18 år | 10km F | Nr. 56 |
| NC jr. Åsen | 30.01.2022 | Thomas Tefre | M18 år | 15km C | Nr. 52 |
| NM jr. Nes | 11.02.2022 | Thomas Tefre | M18 år | 15km F | Nr. 30 |
| NM jr. Nes | 12.02.2022 | Thomas Tefre | M18 år | 10km C | Nr. 81 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Oslo Skifestival | 15.01.2022 | Niklas B. Thorsen | G16 | 5km F | Nr. 15 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Ungd. Holmenkollrenn | 05.02.2022 | David Engesæter | G14 | 3km K | Nr. 11 |
| Ungd. Holmenkollrenn | 06.02.2022 | David Engesæter | G14 | 3km F | Nr. 8 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Ungd. Holmenkollrenn | 05.02.2022 | Ida Frøysland | J13 | 3km K | Nr. 49 |
| Ungd. Holmenkollrenn | 06.02.2022 | Ida Frøysland | J13 | 3km F | Nr. 14 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Ungd. Holmenkollrenn | 05.02.2022 | Even Bjørkhaug | G13 | 3km K | Nr. 40 |
| Ungd. Holmenkollrenn | 06.02.2022 | Even Bjørkhaug | G13 | 3km F | Nr. 92 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Ungd. Holmenkollrenn | 05.02.2022 | Andreas Lundekvam | G13 | 3km K | Nr. 9 |
| Ungd. Holmenkollrenn | 06.02.2022 | Andreas Lundekvam | G13 | 3km F | Nr. 19 |



Classification: Open

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Ungd. Holmenkollrenn | 05.02.2022 | David A. Husa | G13 | 3km K | Nr. 10 |
| Ungd. Holmenkollrenn | 06.02.2022 | David A. Husa | G13 | 3km F | Nr. 28 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Ungd. Holmenkollrenn | 05.02.2022 | Amanda Rørvik | J14 | 3km K | Nr. 57 |
| Ungd. Holmenkollrenn | 06.02.2022 | Amanda Rørvik | J14 | 3km F | Nr. 55 |

| Arrangement | Dato | Utøvar | Klasse | Øving | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|
| Ungd. Holmenkollrenn | 05.02.2022 | Othilie B. Thorsen | J14 | 3km K | Nr. 14 |
| Ungd. Holmenkollrenn | 06.02.2022 | Othilie B. Thorsen | J14 | 3km F | Nr. 27 |
| Oslo Skifestival | 15.01.2022 | Othilie B. Thorsen | J14 | 3km F | Nr. 13 |

NB! Hovudlandsrennet 2022 vert avvikla i Holmenkollen 25.-27. februar. Resultata frå dette arrangementet vert oppdatert i årsmeldinga for 2022-2023.

## Representasjon

Førde IL Langrenn har følgjande representasjon på region- og krinslag 2021-2022:

- Gjøran Tefre, Team Elon Vest
- Ivar Nistad, krinslag
- Steffen S. Igelkjøn, krinslag
- Kristina S. Hegrenes, krinslag
- Linnea O. Lundekvam, krinslag
- Mali M. Engesæter, krinslag
- Elias Husa, krinslag
- Martin Espe, krinslag
- Thomas Tefre, krinslag
- Erik A. Litsheim, krinslag
- Sigve Hafstad Ottesen, krinslag
- Aksel Bjørkhaug, krinslag
- Stian Vårdal Helle, krinslag
- Johanne Støfring, krinslag
- Guri Line Brekke, krinslag
- Jenny Sølvberg, krinslag
- Niklas Bosdal Thorsen, krinslag impuls
- Ludvig Rørvik, krinslag impuls
- Tor Alnes Litsheim, krinslag impuls
- Jakob A. Husa, krinslag impuls



Aksel Bjørkhaug i aksjon ifbm. norgescup for junior på Åsen i januar 2022.
Foto: Anders Bjørkhaug.

## Bekledning

Førde IL Langrenn har til sesongen 2021-2022 vidareført samarbeidsavtalen med Trimtex. I samband med avtalen er det utarbeida kolleksjon for klubbekledning. Utøvarar og andre kan bestille kleda via Trimtex sin nettbutikk (webshop).



Classification: Open





## Kjøkken-/ kioskgruppa

Kjøkken-/ kioskgruppa fekk mandat av styret i langrennsgruppa og Langeland Skisenter til å jobbe med ombygging av kjøkkenet. Planen var at det skulle stå ferdig til romjula og Ribberenn 2021.

Grunna lite snø og Covidsituasjonen vart det ikkje prioritert å ferdigstille kjøkkenet som planlagt, då ein likevel ikkje ville ha open kiosk om Ribberennet vart halde.

Kjøkkenet vart ferdigstilt i januar 2022, litt forsinka utan følger for drifta elles.

Kjøkenet vart sett i drift ved karusellrennet 08. februar 2022 og ein har halde ope helga i veke 6.

Drifta vil gå som normalt frå og med veke 6.

Gruppa vil jobbe med å få på plass system for dugnadsdrifta.

Restarbeid knytt til ferdigstilling av prosjektet vil bli gjort våren 2022. Ein vil då bygge rampe på utsida av hytta og få inn salsluke frå kjøkkenet og ut.

Kjøkken-/ kioskgruppa er særs nøgd med resultatet av ombygginga, og ser fram til at ein kan få på plass universell utforming av hytta og endra tilgang til vaskerom for vaskemaskin ila. 2022/23. Dette vil Langeland Skisenter jobbe med vidare.

Det er og planlagt arbeid med å få på plass nye lyskilder i heile det gamle bygget.




Bilete frå karusellrenn v/ Langeland Skisenter vinteren 2022.
Foto: Anders Bjørkhaug.



Classification: Open

# Økonomi

Langrennsgruppa har over ei årrekke hatt ein stabil økonomi. For 2021 vart det eit årsresultat på kr 151 727,- I forhold til budsjett så er dette eit bedre resultat enn forventa, då budsjettet var sett opp med eit overskot på kr. 15 672,-  Eit godt økonomisk resultat ifbm. Equinor Norgescup for senior 12.-14. februar 2021 er årsaka til det gode årsresultatet.

Utfordring vidare er å sikre ei stabil rekruttering av yngre utøvarar. Dette vil i sin tur danne grunnlag for vidare drift med noverande aktivitetsnivå. Viser elles til rekneskapen for vidare detaljar.

## Resultatrapport

Førde Idrettslag - Langrenn
934429605

Regnskapsår: 01.01.2021 - 31.12.2021

Gjelder periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

| | Periode | Akkumulert |
|---|---|---|
| Driftsinntekter | | |
| 3120 Salgsinntekt tjenester, innenlands, avgiftsfri | 600,00 | 600,00 |
| 3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri | 123 500,00 | 123 500,00 |
| 3205 Kiosksal under arrangement | 78,60 | 78,60 |
| 3206 Kiosksal | 1 341,08 | 1 341,08 |
| 3249 Startpengar karusellrenn | 36 040,04 | 36 040,04 |
| 3250 Startpengar | 28 903,03 | 28 903,03 |
| 3251 Brikkeleige og arrangørhjelp | 22 750,00 | 22 750,00 |
| 3301 Momskompensasjon frå Førde IL | 39 097,00 | 39 097,00 |
| 3400 Spesielle offentlege tilskot | 40 251,00 | 40 251,00 |
| 3401 Tilskot frå Førde IL | 309 614,00 | 309 614,00 |
| 3403 Tilskot frå private | 15 000,00 | 15 000,00 |
| 3930 Treningsavgifter | 40 848,74 | 40 848,74 |
| 3932 Enivest skiskule - deltakaravgift | 40 000,00 | 40 000,00 |
| | 698 023,49 | 698 023,49 |
| Driftskostnader | | |
| 4400 Innkjøp til kiosk | -1 482,40 | -1 482,40 |
| 5330 Godtgjersler til styremedlemer og trenarar | -59 250,00 | -59 250,00 |
| 6010 Avskrivningar | -20 000,00 | -20 000,00 |
| 6300 Leige lokale | -28 255,00 | -28 255,00 |

https://eaccountingprinting.vismaonline.com/Printing/IncomeStatementReportPdf.aspx?printJobId=86c8dcad-876b-44c8-9b71-e438826bd149&renderAsPdf=false 1/3

31.01.2022, 16:42 Printing Masterpage

| | Periode | Akkumulert |
|---|---|---|
| 6490 Annan leigekostnad | -79 000,00 | -79 000,00 |
| 6550 Driftsmateriale | -59,00 | -59,00 |
| 6570 Arbeidsklær og verneutstyr | -7 168,00 | -7 168,00 |
| 6591 Premiar | -11 428,81 | -11 428,81 |
| 6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr | -3 192,50 | -3 192,50 |
| 6700 Revisjons- og rekneskapshonorar | -28 900,00 | -28 900,00 |
| 6730 Trenarutgifter | -94 775,18 | -94 775,18 |
| 6810 Datakostnad | -4 776,75 | -4 776,75 |
| 6820 Trykksaker | -4 875,00 | -4 875,00 |
| 6860 Møte, kurs, oppdatering etc. | -1 845,00 | -1 845,00 |
| 6861 Startkontingentar | -29 035,00 | -29 035,00 |
| 6891 Andre kostnader | -23 571,83 | -23 571,83 |
| 7141 Reisekostnader, refusjonar | -3 978,00 | -3 978,00 |
| 7410 Kontingent | -16 251,00 | -16 251,00 |
| 7411 Refusjon krinslagskontingent | -119 000,00 | -119 000,00 |
| 7430 Gåver | -1 199,00 | -1 199,00 |
| 7600 Lisensavgifter og royalties | -9 252,50 | -9 252,50 |
| 7777 Bankgebyr | -393,50 | -393,50 |
| | -547 688,47 | -547 688,47 |
| **Driftsresultat** | **150 335,02** | **150 335,02** |
| Finansielle poster | | |
| 8040 Renteinntekter | 1 392,00 | 1 392,00 |
| **Ordinært resultat før skatt** | **151 727,02** | **151 727,02** |
| **Ordinært resultat** | **151 727,02** | **151 727,02** |
| **Årsresultat** | **151 727,02** | **151 727,02** |



Classification: Open

# Oppsummering

Det er eit stort engasjement i arbeidet rundt langrennsgruppa i Førde IL, og dugnaden knytt til vår organisasjon er den viktigaste ressursen i langrennsmiljøet i Førde. Dugnadsånda er utan tvil grunnpilaren i vårt miljø. Det er difor svært viktig at dugnadsånda i langrennsgruppa vert teke vare på i framtida. Dugnad gjev fellesskap, og det er viktig at arbeidet vert opplevd som frivillig, sosialt og morosamt.

Styret i langrennsgruppa vil med dette rette ein stor takk til alle som bidreg til vårt langrennsmiljø. Utan trenarar, støtteapparat, tidtakarar, måldommarar, kioskvakter, parkeringsvakter, løypevakter osv. - er det umogleg å sikre ei god drift av Førde IL Langrenn.

Tusen takk til dykk alle!

Aktiviteten til langrennsgruppa krev eit stort apparat, både i forhold til trening, arrangement og generell drift. Karusellrenn krev ein dugnadsstab på vel 20 personar, medan SSF Cup/krinsrenn krev om lag 30 personar pr. arrangement. I tillegg kjem planlegging, førebuing og administrative oppgåver knytt til arrangementa.

Rulleskianlegget på Langeland gjev langrennsgruppa gode føresetnader for trening og aktivitet på lukka/ sikra område. Dette anlegget er svært positivt for gruppa og våre utøvarar i barmarkssesongen. Lokalt gjev dette langrennsgruppa gode føresetnader i høve treningstilbod og rekruttering. Vår, sommar og haust 2021 har ein i større grad enn tidlegare nytta rulleskianlegget til fellestreningar og arrangement.

At Langeland Skisenter har ei god drift av snøproduksjonsanlegget er vesentleg viktig for å sikre gode stabile snøtilhøve på Langeland. Snøproduksjonsanlegget er eit godt døme på den dugnadsbaserte drifta som er utgangspunktet for det aller meste av aktivitet i gruppa.
Når det gjeld snøproduksjonen vert denne utført i regi av Langeland Skisenter, i samarbeid med Førde IL og Gaular IL.




I januar 2022 vart SSF sprintstafett avvikla under marginale snøforhold på Langeland.
Foto: Anders Bjørkhaug.



Classification: Open

Sportsleg er det Gjøran Tefre som hevdar seg i tetbilde nasjonalt og internasjonalt, men det er svært kjekt å sjå at det gror godt med unge lovande langrennsløparar frå Førde IL. At Førde IL hevdar seg godt nasjonalt er Ungdomens Holmenkollrenn 2022 eit godt bevis på. Her vart Førde IL fjerde (4.) beste klubb på gutesida, medan jentene vart nummer seksten (16).

Når det gjeld rekruttering til langrennsgruppa er det pr. 2022 grunn til å bekymring, likevel ser ein ei auke i tal born som deltek på trening i dei yngre årsklassane. Dette skyldast gode trenarar og eit planmessig arbeid frå styret si side.

Til slutt rettar styret ei stor takk til våre samarbeidspartnarar og sponsorar som i stor grad gjer det mogleg for Førde IL Langrenn å legge til rette for gode aktivitetstilbod.

Nyttar også høve til å takke styret i Langeland Skisenter for godt samarbeid og felles innsats til beste for langrennssporten i området vårt.

Førde, 17.02.2022

Yngve Thorsen /s/
Førde IL Langrenn

Styreleiar



Classification: Open